



Hugs flagget i dag, 8. mai, 75 år sidan krigen var slutt i 1945.

**Det er 75 år sidan den store frigjeringsdagen i Noreg 8. mai 1945. Fred og fridom vart særleg markert i Uskedalen med eit stort program og med samling av menneske frå mange bygder. I 1995, 50 års jubileet, var også Uskedalen sentral i gjennomføringa av eit omfattande program, men mellom anna Fredsutstilling i Gamleskulen, avduking av krigsminnesmerke og program på Stemneplassen.**

Her er eit utdrag frå det som er skrivi om fredsmarkeringa 8. mai 1945 i boka Uskedal Ungdomslag 1888 - 1988.

*Den dagen skulle koma, 8. mai 1945 kl. 3 om ettermiddgen fekk ein visse om at var krigen slutt. Ungdomslaget var straks på pletten og skipa til folkefest. Med Musikklaget i brodden gjekk storparten av bygdefolket i folketog til Kjærland. Så var det høgmesse i kyrkja ved prost Knut Sellevold.*

*Deretter var det folkemøte i Helgheim. Her tala Amund Reigstad for dagen. .... Thor Myklebust tala for Fedrelandet. Lars P. Haugland tala for Kongen. Abel Eik tala for dei falne. Amund T. Myklebust tala for sjøfolka. Johan Omvik tala for borna og Herbrand Lavik las eigne dikt frå krigstida.*

17. mai 1945 var det på nytt stor tilskiping i bygda med Ragnvald Vaage som talar.



8. mai 1945 var det stor folkefest i Uskedalen med mellom anna folketog til Kjærland.

Tekst/nett: Kristian Bringedal

Foto: Arkivbilete/ Kristian Bringedal



Bilete av plakaten frå det store 50 års fredsjubileet i 1995.

